

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	18.01.2010	002/10	Per Langnes
Kommunestyret	28.01.2010	003/10	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: M12	Arkivsaknr 09/710
---------------------------	---------------	----------------------

Sahara - Oppfølging av pålegg om fargefjerning mv.

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner at 1. avsnitt i § 3 i selskapsavtalen for SaHara (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS vert endra til:

Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Stor Hestevatnet som forsyningskjelde. Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.

Kommunestyret har ikkje merknadar til avtaleforslaget mellom SaHara og Brattvåg Vassverk BA. SaHara sin del av investeringskostnadane vert dekt gjennom innskot frå eigarkommunane med 72,5 % frå Haram kommune og 27,5 % frå Sandøy kommune. Ved vesentlege endringar i fordelinga av vassforbruket mellom kommunane, kan den einskilde kommune krevje å få fordelinga justert.

Kommunen sin del av investeringa vert dekt gjennom auke i investeringsbudsjettet for 2010 med kr 14.500.000. Investeringa vert finansiert gjennom nye låneopptak med fråtrekk av tilskot.

Behandling i Formannskapet den 18.01.2010:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-002/10 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner at 1. avsnitt i § 3 i selskapsavtalen for SaHara (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS vert endra til:

Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Stor Hestevatnet som forsyningskjelde. Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.

Kommunestyret har ikkje merknadar til avtaleforslaget mellom SaHara og Brattvåg Vassverk BA. SaHara sin del av investeringskostnadane vert dekt gjennom innskot

frå eigarkommunane med 72,5 % frå Haram kommune og 27,5 % frå Sandøy kommune. Ved vesentlege endringar i fordelinga av vassforbruket mellom kommunane, kan den einskilde kommune krevje å få fordelinga justert.

Kommunen sin del av investeringa vert dekt gjennom auke i investeringsbudsjettet for 2010 med kr 14.500.000. Investeringa vert finansiert gjennom nye låneopptak med fråtrekk av tilskot.

Behandling i Kommunestyret den 28.01.2010:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-003/10 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner at 1. avsnitt i § 3 i selskapsavtalen for SaHara (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS vert endra til:

Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Stor Hestevatnet som forsyningskjelde. Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.

Kommunestyret har ikkje merknadar til avtaleforslaget mellom SaHara og Brattvåg Vassverk BA. SaHara sin del av investeringskostnadane vert dekt gjennom innskot frå eigarkommunane med 72,5 % frå Haram kommune og 27,5 % frå Sandøy kommune. Ved vesentlege endringar i fordelinga av vassforbruket mellom kommunane, kan den einskilde kommune krevje å få fordelinga justert.

Kommunen sin del av investeringa vert dekt gjennom auke i investeringsbudsjettet for 2010 med kr 14.500.000. Investeringa vert finansiert gjennom nye låneopptak med fråtrekk av tilskot.

Vedlegg:

Sahara (Sandøy/Haram) - Vedtak om pålegg
Avtaleutkast Brattvåg Vassverk-SaHara
Intensjonsavtale
Selskapsavtale
Budsjettkostnadar

Saksutgreiing:

SaHara (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS leverer i dag vatn til dei kommunale vassverka i Haram og Sandøy kommunar. Dei kommunale vassverka leverer vatn vidare til einskild abonnentar og diverse private vassverk i området. Vasskjelda som vert nytta er Store Hestevatn i Haram kommune, noko som er same drikkevasskjelde som Brattvåg Vassverk BA nyttar.

Store Hestevatn er ei god drikkevasskjelde med unnatak av fargetal. Drikkevassforskrifta set krav om at fargetalet ikkje skal vere over 20, levert forbrukar.

Dei fleste vassprøvene ved eksisterande behandlingsanlegg ligg under dette kravet, men med litt auke ute på nettet, vert kravet overskride. Dette har vore kjent lenge, og det har vore arbeidd med korleis ein skal følgje opp for å tilfredsstille dei krav som er satt.

Undervegs har ein hatt dialog med Mattilsynet, som først varsla om at ein ville få pålegg om å etterkome krava i drikkevassforskrifta, og seinare gjennom konkret vedtak har gitt pålegg om å levere vatn av ein tilstrekkeleg god kvalitet, spesielt med omsyn til å redusere fargetalet. Pålegget er gitt gjennom brev av brev av 22.09.2009, med ein frist til 15.04.2011 med å ha gjennomført nødvendige tiltak. Brattvåg Vassverk BA og dei kommunale vassverka i Haram og Sandøy kommunar har fått tilsvarende pålegg.

Haram kommune sin kommunedelplan for vassforsyning for 2003-2006 vart vedtatt av kommunestyret 15.05.2003. Planen legg til grunn at vassforsyninga i Haram skal planleggjast, utbyggjast og driftast ut frå samfunnsøkonomiske vurderingar. Til dømes skal ein ikkje gjennomføre kostnadskrevjande tiltak ved eitt vassverk, dersom dette kan løysast ved eit rimelegare tiltak ved eit anna. I høve fargefjerningsproblematikken vart konsulentfirmaet sb VA-consult engasjert av SaHara med tanke på å avklare om den framtidige vassforsyninga med Store Hestevatn som vasskjelde skulle baserast på eitt eller to behandlingsanlegg. Arbeidet tok utgangspunkt i to alternative metodar for fargefjerning, men med føresetnad om at hovudformålet var å avklare spørsmålet om eitt eller to behandlingsanlegg var det rette sett ut frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv. I rapporten vert det gitt ei slik anbefaling:

Vi anbefaler at det arbeides videre med alternativ 1 basert på ett felles vannbehandlingsanlegg i Brattvåg. Alternativ 1B basert på Molde-prosessen og UV-desinfeksjon er betydelig rimeligere enn alternativet basert på membranfiltrering, UV-desinfeksjon og dosering av vassglas. Vi har imidlertid ikkje anbefalt prosessløsning da det i denne samanheng kun er vurdert to metoder for humusfjerning. Vi anbefaler derfor at andre aktuelle metoder for humusfjerning. Vi anbefaler derfor at andre aktuelle metoder som Dynasand-filter, Larvikprosessen, Ozon og biofilter etc. vurderes.

På bakgrunn av rapporten vart det inngått ein intensjonsavtale med Brattvåg Vassverk BA i tråd med den anbefaling som vart gitt. I etterkant er det konkludert med å velje Ozon som behandlingsmetode for humusfjerning.

Endeleg avtale mellom vassverka føreset godkjenning av årsmøtet i Brattvåg Vassverk BA, og at dei einskilde kommunestyra i eigarkommunane til SaHara godkjenner aktuell endring i selskapsavtalen og gjer vedtak om aktuelle innskot i selskapet som dekkjer SaHara sin del av investeringane.

Selskapsavtalen er heimla i § 4 i lov om Interkommunale selskap. Lova fastset ei rekkje punkt som ein slik selskapsavtale skal omfatte, og det er kommunestyra i eigarkommunane som har gjort vedtak om godkjenning. Eventuelle endringar innanfor dei obligatoriske punkta må og godkjennast av kommunestyra. I høve gjeldande selskapsavtale bør første avsnitt under § 3 "Selskapet sitt føremål" endrast:

Selskapet sitt føremål er å bygge, eige og drive eit felles vassverk basert på utnytting av Lille og Stor Hestevatnet som forsyningskjelde.

Ein rår til at ein her føyer til:

Dette kan skje i eigen regi eller i samarbeid med andre vassverk.

Etter § 11 i selskapsavtalen kan representantskapet gjere vedtak om å ta opp lån for å gjennomføre investeringar. Dette føreset at låna har heimel i vedtak i kommunestyra i eigarkommunane. SaHara har imidlertid ikkje lån frå før, og tidlegare investeringar har vore gjennomført på grunnlag av innskot frå eigarkommunane. Innskota er dekt gjennom låneopptak i den einskilde kommune, der ein kvar for seg er ansvarlig for oppfølging av låneportefølja. Avskrivningar og kalkulatorisk rente inngår direkte i gebyrgrunnlaget for det einskilde kommunale vassverket. Ein finn det formålstenleg at ein også for denne investeringa lar den einskilde kommune handtere utbyggingskostnadane gjennom eigne låneopptak. Ein unngår då meirkostnadar knytt til rekneskapsføring og oppfølging av lån i SaHara, samtidig som ein følgjer prinsippet i tidlegare investeringar. Innskot frå eigarkommunane til slike tiltak er regulert gjennom § 10 i selskapsavtalen.

Brattvåg Vassverk BA har utarbeidd eit budsjett for investeringane. I budsjettet er det rekna med ei investering i nyanlegg på i underkant av 34 millionar kroner. I tillegg har Brattvåg Vassverk BA gjort ein del investeringar i anlegget tidlegare som SaHara no vil dra nytte av. Desse er rekna til i underkant av 9 millionar kroner. I avtaleutkastet er det forutsatt at fordelinga av investeringane skal skje på grunnlag av vassforbruket. I avtaleutkastet er det rekna med ei 45%/55% fordeling, men slik at denne seinare kan endrast ved vesentleg endring i fordelinga av vassforbruket. Med vesentleg er her rekna meir enn 5 % endring i fordelinga. Samla kostnad for SaHara vert ut frå 45 % av kostnadane totalt 20 millionar kroner (avrunda) Til fråtrekk kjem evt. tilskot til utbygginga som førebels kan rekast til ca. 25 % av kostnadane med nyanlegg.

I tillegg til fordelinga mellom Brattvåg Vassverk BA og SaHara, må SaHara sin del fordelast mellom eigarkommunane. Alle driftskostnadar vert i dag fordelt på grunnlag av vassforbruket. Det er naturleg at også nyinvesteringar vert fordelt etter same nøkkel. Fordelinga av vassforbruket har siste åra vore svært stabilt, med svært små variasjonar frå år til år. Fordelinga i 2008 var 27,5 % på Sandøy og 72,5 % på Haram. Tek ein utgangspunkt i denne kan ein rekne med følgjande budsjett for den einskilde kommune:

	Haram kommune (72,5%)	Sandøy kommune (27,5%)
Investeringskostnad (20.000.000)	14.500.000	5.500.000
Tilskot	<u>2.900.000</u>	<u>1.100.000</u>

Kostnad etter tilskot

11.600.000

4.400.000

Det er lagt opp til ei felles saksutgreiing for dei to eigarkommunane, med vedtak i løpet av januar 2010.